
Fra: Konrad Risnes <Konrad@risneselektr.no>
Sendt: fredag 2. februar 2018 15.38
Til: Postmottak Radøy
Emne: VS: Tilkomst med rullestol til "vestfløyen" på Manger Barneskule

Viktighet: Høy

Hei

Då eg ikkje har mottatt noko svar frå Radøy Kommune sender eg ei påminning.
Eg sendte det samme til Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne, dei hadde diskutert denne saka i haust og var litt undrande til kvifor svar frå dei ikkje var sendt!

Vidare vil eg ha svar frå den som er ansvarleg for internkontroll i Radøy Kommune på om det er mottatt avviksmelding på den episoden då ho vart skada.

Her skal det stå forslag til tiltak og når tiltaket vart utført.

Det kunne også vore interessant å vist om denne utbygginga/ombygginga er i henhold til Plan og bygningslov/tek 10 med tanke på universell utforming?

Eg har forstått det slik på Ordførar at man på skulen arbeider med eit romprogram, av dette forstår eg at det kan vere på tale å flytta ho til eit anna bygg. Då vert neste spørsmål om ikkje folk med nedsatt funksjonsevne har same rett som funksjonsfriske til å komme seg inn i bygga til kommunen?
Eg meiner at plan og bygningslova /tek 10 omtaler dette men det kan vera eg tek feil?

Leiinga i Radøy Kommune burde tatt seg ein tur ned på skulen for med sjølvsyn sjå på forholda som dei ansatte på skulen arbeider under når rullestol skal inn/utor heis samt sjå på kor lite som skal til for at ho kjem i klemm. Kjem det ein voksen person i elektrisk rullestol så vil eg tru den personen slit med å komme seg inn og det vil vera kjedelig om det er foreldremøte eller andre tilstellinga som unger eller barnebarn gler seg til. Eller kanskje det er ein toppkvalifisert jobbsøkar som set i rullestol.

Det kan vera att eg tar feil og at heisen og område rundt er i henhold til lover og regler men det er Radøy Kommune sitt ansvar når ho vert skada. Og det har skjedd 1 gang. La oss håpa det ikkje skjer igjen!

Helsing
Konrad Risnes.

Fra: Konrad Risnes
Sendt: mandag 23. oktober 2017 11.33
Til: 'Postmottak Radøy' <postmottak@radoy.kommune.no>
Kopi: 'jannerisnes@yahoo.no' <jannerisnes@yahoo.no>
Emne: Tilkomst med rullestol til "vestfløyen" på Manger Barneskule
Viktighet: Høy

Hei

Tilkomsten med rullestol til Vestfløyen på Manger barneskule må gjerast noko med.
Det er på grensa til uforsvarligt slik det er i dag. Kjører man ein elektrisk rullestol så er det millimeter presisjon som skal til for å komme seg inn.

Eg reknar og med at de har fått/eller kjem til å få ei avviksmelding der person som sitt i stol har komt i klemm med dei følger at person blei halt i ett par dager.

Dei som kjører rullestolen kan ikkje lastas for dette då det er denne adkomsten dei har. Ansvaret for dette ligg etter mitt syn på Eigar.

Vidare vil eg vite kva som skjer ved strømbrudd og rullestol er:

1. i heis
2. i rom rett utanfor heis der det er elektriskdør

likeins ved brannalarm der rullestol er i nemnte områder ved alarmtidspunkt.

Foreslår at de tar ei befaring og prøver med den rullestolen som er på bygget, 1 person i stolen og 1 person til og kjøra den.

Mvh

Konrad Risnes.